



Love for Kleppe bedehus

1.

Kleppe bedehus vart bygd i 1906 med frivillige gåver frå folk i krinsen på Abraham Kleppes eigedom. Huset skal nyttast til å fremja Guds rike, og vera til åndeleg nytte og gagn ved: Oppbyggingssmøter, misjonsmøter, kvinneforeningsmøter, og samtalemøter om åndelege, kyrkjelege og samfunnsnyttige emne som kan vekkja og styrkja kristenlivet.

2.

Til å føra tilsyn med huset blir det valt eit styre på seks medlemmer – menn og kvinner- som held fast ved den evangelisk lutherske tru. Det blir valt to varamedlemmer. Styret vel seg i mellom formann, varaformann og kasserar. Den siste kan og veljast utanom styret. Kvart år går tre medlemmer ut av styret. Første gong etter loddtrekning seinare etter tur. Det er val på kvart årsmøte. Dei som går ut av styret kan veljast på nytt.

3.

Røysterrett har truande kvinner og menn som held fast på vår lutherske tru, som sluttar opp om møteverksemda på Kleppe Bedehus og som har betalt medlemskontingent innan 31/12. Røysteretten gjeld frå det året ein fyller atten år. Årsmøtet fastsetter medlemskontingenten

4.

Styret kjem med framlegg på fem nye medlemmer, men valet er ikkje bunde til desse.

5.

Dersom nokon av styremedlemmene fell i frå ved død, bortflytting eller ved grov misferd i liv eller lære, vil første varamann bli medlem av styret resten av perioden som dette medlemmet har igjen.

6.

Styret syter for, enten ved sine eigne medlemmer eller ved andre, å halda oppbyggingssmøte i bedehuset så langt råd er kvar sundag, Berre den forkynner som lever og lærer i samsvar med Guds ord og den lutherske tru (dei tre

trusartiklane og Luthersk forklaring) får tala i huset. Ukjende personar som vil tala i huset, må leggja fram godt vitnemål frå kjende kristne personar.

7.

Styret skal vareta husets økonomi, og setja takstar for utleie. Dersom huset ikkje er oppteke av kristeleg verksemd, kan styret leiga ut huset til samankomster for almennyttige formål. Ved slike møter skal styret ha ansvar for at ikkje noko på møta, strir mot den kristne læra.

8.

Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av februar månad. Formannen skal syta for at det vert ført ein forhandlingsprotokoll over styremøtene, og på årsmøtet skal han leggja fram årsmelding. Kasserar skal leggja fram rekneskapen.

9.

Styret eller andre røysteføre kan koma med framlegg til forandring i desse lovene, men forandringane må ikkje strida mot ånd og prinsipp i lovene. Framlegget må leverast inn til styret minst ein månad før årsmøtet. Styret skal syta for at det blir gjort kjent. Eit slikt framlegg krev 2/3 fleirtal av dei røysteføre som har møtt fram for å verta vedteke.

10.

Kleppe bedehus er bygt med frivillige gåver frå det kristne lekfolk i krinsen, og held fram med å vera deira eigedom.